



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 13.05.2014
Vår ref.: 2014/16306-2
Saksbehandlar: heihand
Dykkar ref.: 14/2788

Kulturminnefagleg fråsegn - Gamle Prestavegen - gnr 108 bnr 5 - dispensasjon - løyve til frådelling av tun - Lindås kommune

Vi syner til oversending datert 09.05.14 med ovannemnde delingsak til fråsegn. Saka gjeld frådelling av gardstun på gnr 108 bnr 5 og 60 i Lindås kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda eller andre verneverdige kulturminne som blir råka av ei eventuell frådelling. Vi har såleis ikkje merknader til delingssøknaden.

Vi finn det likevel teneleg å gjere merksam på at det er kjent automatisk freda kulturminne like søraust for det omsøkte tunet, jf. kart nedanfor. Kulturminnet består av to førhistoriske gravminne og har id-nr 66398 i Riksantikvaren sin nasjonale kulturminnedatabase Askeladden. Det må såleis påreknast arkeologiske registreringar ved eventuell utarbeiding av reguleringsplan eller søknad om tiltak i tilstøytande areal.



Vennleg helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Heidi Handeland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.